

PROTOKOLL | ÅRSMØTE 2012

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans

TID: 21.april kl. 14-17, 22.april kl.09-14

STAD: Riksscenen, Schouskvarnalet, Oslo

Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter

Dag 1

Oppropet viste 66 representantar med røysterett

- 57 representantar frå medlemslaga
- 2 utøvarrepresentantar
- 7 representantar frå styret

Dag 2

Oppropet ved møtestart viste 67 representantar med røysterett

Sak 3 Val av møteleiarar og protokollførar

Møteleiarar: Jan H. Lislien og Terje Foshaug

Protokollførarar: Rannveig Djønne og Linda Dyrnes.

Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen og tellekorps

Til å underskrive protokollen: Aud Manheim og Oddmund Vestenfor


Tellekorps: Sigbjørn Rua og Oda Bolstad.

Redaksjonskomité: Mari Andrea Ness og Nils Øyvind Bergset (Vara: Frode Rolandsgard)

Aud Manheim



Oddmund Vestenfor



Sak 5 Årsmelding 2011 for FolkOrg.

Maria Høgetveit Berg la fram årsmeldinga.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek årsmelding 2011 slik den ligg føre.

Vedteke samrøystes.

Sak 6 Rekneskap 2011 for FolkOrg

Åshild Vetrhus la fram rekneskapen for 2011 og revisjonsberetning.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek rekneskap 2011 slik den ligg føre.

Vedteke samrøystes.

Sak 7 Melding frå tilsynsnemnda

Jan Lislien frå tilsynsnemnda la fram si melding.

Vedtak:

Melding frå tilsynsnemnda vert teke til orientering.

Vedteke samrøystes.

Sak 8 Innkommen sak: Endring av vedtekter for FolkOrg

Ivar Schjølberg la fram sitt framlegg til nye vedtekter (det ligg ved protokollen). Nils Øyvind Bergset la fram saka for styret.


Framlegg til vedtak frå Randi Rust:

"Årsmøtet gjev det nye styret i oppdrag å utarbeide konkrete forslag til endringar i vedtektena til neste årsmøte når det gjeld formålsparagrafen og samansettinga av styret. Bakgrunnen for dette er ordskiftet i årsmøtehandsaminga av sak 8 og den saksutgreiinga som ligg føre under sak 8 punkt 3 i årsmøtepapira."


Det var røysta om framlegget til Ivar Schjølberg først. Det fekk 18 stemmer og fall.

Etter det vart det røysta over framlegget frå Randi Rust. Det fekk 26 stemmer og fall.

Aud Manheim



Oddmund Vestenfor



Vedtak:

Årsmøtet stør ikkje framlegg til nye vedtekter frå Ivar Schjølberg.

Sak 9 Innkommen sak: Protokolltilførsel frå årsmøtet i FolkOrg 2011

Under årsmøtet i 2011 fekk vi denne protokolltilførselen frå Leikny Aasen:

"For å få til ei registrering av medlem i lag som er tilslutta Noregs Ungdomslag (NU), blir FolkOrg bedt om å ta kontakt med NU for følgjande løysing: Medlem som vert registrert i begge lag (FolkOrg og NU) får 50% rabatt på kontingen i begge lag. "

Administrasjonen har vore i kontakt med NU om det, og styret i NU fatta dette vedtaket:

"Styret i Noregs Ungdomslag ønskjer ikkje å starte ein prosess for å gje kontingenrabatt til medlemmer og lag som også er medlemmer i FolkOrg. Aktiviteten til NU femnar mykje vidare enn folkedans- og folkemusikkarbeid, og styret meiner det vil vere vanskeleg å forsvere ein slik rabatt overfor dei medlemmene og laga som driv med andre aktivitetar."

Vedtak:

Årsmøtet tek vedtaket i Noregs ungdomslag til orientering.

Sak 10 Handlingsprogram for FolkOrg 2011-2015 - revidering av tiltaka

Tor Stallvik og Sigurd Johan Heide la fram revidering av handlingsprogrammet.

Framlegg frå Hanne Brende, Bærum spellemannslag:

"Bærum spellemannslag fremmer forslag om at det nedsettes en brukergruppe i forbindelse med bruk av Styreweb. Denne gruppen bør inneholde representanter fra lokallag med erfaring som brukere av Styreweb. Forslaget fremmes med bakgrunn i at innføringen av Styreweb sentralt ikke har fungert optimalt, også for oss som lokallag og erfaren bruker av Styreweb."


Vedtak:

Årsmøtet vedtek revidert Handlingsprogram for FolkOrg 2011-2015 slik det ligg føre.


Forslaget frå Bærum spelemannslag vert oversendt til styret.

Vedteke samrøystes.

Aud Manheim



Oddmund Vestenfor



Sak 11 Fastsetjing av medlemspengar og bladpengar

Aslak O. Brimi la fram styrets framlegg til nye satsar.

Vedtak:

Medlemspengar:

Medlemspengar for 2013 vert sett til kr 250 for vaksne, og kr 100 for born.

Medlemspengar for 2014 vert sett til 250 for vaksne, og kr 100 for born.

Vedteke mot 8 stemmer

Bladpengar:

Bladpengar for 2013 vert sett til kr 410, ordinær pris, og kr 340 for medlemmar og studentar.

Vedteke samrøystes.

Sak 12 Revidert budsjett 2012

Mari Skeie Ljones la fram styret sitt framlegg til revidert budsjett 2012.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek revidert budsjett 2012 slik det ligg føre.

Vedteke samrøystes.

Sak 13 Budsjett 2013

Mari Skeie Ljones la fram styret sitt framlegg til budsjett 2013

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjett 2013 slik det ligg føre.

Vedteke samrøystes.

Sak 14 Oppnemning av revisor

Mari Skeie Ljones la fram styret sitt framlegg til revisor for 2012.

Vedtak:

BDO Noraudit blir oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2012.

Vedteke samrøystes.

Aud Manheim

Oddmund Vestenfor

Sak 15 Val

Synnøve Bjørset og Randi Skeie la fram valnemnda sitt framlegg.

Vedtak:

Styret

Styreleiar	Per Øyvind Tveiten	vald for 1 år
Nestleiar	Mari Skeie Ljones*	(ikkje på val)
Nestleiar	Helene Myklemyr Bolstad	vald for 2 år
Styremedlem	Aslak O Brimi	(ikkje på val)
Styremedlem	Tor Stallvik	(ikkje på val)
Styremedlem	Ellen Persvold	vald for 2 år
Styremedlem	Erlend Viken*	vald for 2 år
1.vara	Åshild Vetrhus	vald for 1 år
2.vara	Tove Leinslie	valdfor 1 år
3.vara	Kenneth de Gala	vald for 1 år

*representerer yrkesutøvarar

Per Øyvind Tveiten vart vald som leiar mot ei stemme. Dei andre vart valde ved akklamasjon.

Fagutval for yrkesutøvarar

Vegard Vårdal	(ikkje på val)
Åshild Vetrhus	valdfor 2 år
Silje Onstad Hålien	vald for 2 år

Alle valde ved akklamasjon

Aud Manheim

Oddmund Vestenfor

Tilsynsnemnd

Audhild Rygg (ikkje på val, 1 år att av valperioden)

Jan Lislien (ikkje på val, 2 år att av valperioden)

Arne M. Sølvberg Veljast for 3 år

Alle valde ved akklamasjon

Valnemnda

Valnemnda har vore Tor-Erik Jenstad, Randi Skeie og Synnøve Bjørset.

Framlegg frå styret til nytt medlem i valnemnda:

Sigurd Johan Heide vald for 3 år

Framlegg frå Turid Paulsrød Solberg: Forslag til nytt medlem i valnemnda: Hilde Reitan, Vågå.

Randi Før ville ha skriftleg avstemming. Det vart gjennomført skriftleg avstemming.

Hilde Reitan fekk 22 stemmer. Sigurd Johan Heide fekk 42 stemmer.

Vedtak:

Valnemnda i FolkOrg er:

Sigurd Johan Heide vald for 3 år

Tor-Erik Jenstad *Ikkje på val (2 år igjen)*

Randi Skeie Ikkje på val (1 år igjen)

Aud Manheim

Aud Marinelli

Oddmund Vestenfor

Oddmund Vestervig

VEDLEGG 2: VEDTEKTSFORSLAGET FRÅ IVAR SCHJØLBERG

Folkemusikklaget?/Norsk folkemusikkforbund? Noregs folkemusikklag?

§ 1

Folkemusikklaget er ein landsomfattande organisasjon. Han skal arbeide for å dyrke, styrke og fremje dei norske tradisjonane innan song, spel og dans.

§ 2

Dei som står føremålet til organisasjonen, kan bli medlemmer.

§3

Medlemmene i organisasjonen står tilslutta gjennom lokale lag. Medlemskap kan teiknast sentralt der det ikkje finst lokallag. Organisasjonar og institusjonar kan også bli tekne opp som medlemmer. Der det ligg til rette, skal lokallaga organisere seg i områdelag.

§4

Medlemmene arbeider primært for føremålet i sine lokale lag, men også områdelaga og organisasjonen sentralt kan gjera tiltak som gagnar føremålet. Medlemmene kan også danne interessegrupper på tvers av organisasjonsstrukturen for i arbeide med spesialinteresser innan føremålet.

§ 5

Organisasjonen skal stå tilslutta Norsk musikkråd.

§ 6

Årsmøtet i Folkemusikklaget er det høgste organet i organisasjonen. Det skal haldast kvart år innan utgangen av april. Omframt årsmøte skal haldast når styret finn det nødvendig, eller når ein tredel av medlemslaga krev det. Reglane for slikt møte er som for vanleg årsmøte.

§ 7

Til å arbeide for føremålet vel årsmøtet eit styre. Styret skal arbeide med oppgåver i samsvar med lovene, føremål og årsmøtevedtak. Styret kan også tilsetje folk til å ta seg av ulike oppgåver, der ein av dei tilsette er kontorleiar. Styret godkjenner medlemskap, lover for lokallag og områdelag, førebur årsmøtesaker og tek avgjerd i alle saker som ikkje er tillagt årsmøtet.

Styreleiaren teiknar organisasjonen. Styret kan delegere prokura. Styreleiaren, nestleiaaren og kontorleiaaren utgjer eit arbeidsutval. Styret er vedtaksført når 4 medlemmer eller varafolk er til stades. Styret fører vedtaksprotokoll. Kontorleiaaren er sekretær for styret og arbeidsutvalet.

§ 8

Styret fastset tid og stad for årsmøtet og informerer om dette seinast 6 månader før årsmøtet finn stad. Innkalling og sakspapir skal sendast ut seinast 3 veker før møtet. Medlemmer eller lag som vil ha saker opp på årsmøtet, sender desse til styret innan utgangen av februar.

§ 9

Følgjande representantar utgjer årsmøtet:

- lokale lag. Kvart lag har rett til ein utsending om laget har mindre enn 50 medlemmer, to utsendingar opp til 100 medlemmer og tre utsendingar over 100 medlemmer.

- områdelag, ein utsending kvar.
- organisasjonar eller institusjonar, ein utsending kvar.
- Styret og vararepresentant, om det er fråfall i styret.

Alle medlemmene og dei tilsette har talerett på årsmøtet.

Styret har ikkje stemmerett på handsaming av årsmelding, rekneskap og val av revisor.

§ 10

Årsmøtet handsamar

- årsmelding
- rekneskap
- prinsipprogram og arbeidsprogram
- budsjett
- fastsetjing av medlempengar
- oppnemning av revisor
- innkomne saker
- val av tillitsfolk

Alle saker unntake val følgjer kalenderåret.

Årsmøtet fører vedtaksprotokoll.

§ 11

Val av tillitsfolk.

Årsmøtet vel eit styre på 5 personar. Styreleiaren blir vald for eitt år, dei andre i styret for to år, slik at to av styremedlemmene star på val kvart år. Styret vel nestleiaren.

Årsmøtet vel ei tilsynsnemnd på tre medlemmer. Tilsynsnemnda ser til at styrevedtaka ligg innafor lover, budsjett og arbeids- og prinsippsprogram. Ho rapporterer til årsmøtet. Ein medlem er på val kvart år.

Årsmøtet vel ei valnemnd på tre personar, slik at ein i valnemnda er på val kvart år.

§ 12

Styret kan utnemne til heidersmedlem den som har arbeidd særleg godt og lenge for lagsføremålet. Heidersmedlem skal ha synleg prov på æra og gå fritt på alle tilstellingar skipa til av Folkemusikklaget.

§ 13

Årsmøtet kan endre lovene med to tredels fleirtal. Årsmøtet kan handsame berre saker som ligg føre i sakspapira.

§ 14

Eit årsmøte kan med to tredels fleirtal avgjera at laget skal leggjast ned. Det same årsmøtet avgjer korleis eventuelle eigedelar skal disponerast.